



GODSTEMNING: Det var ikkje mange på Sørstrand som brydde seg om regndropane då det fem meter høge bålet vart tent klokka seks og heile dagen var prega av god stemning. Jonsokfeiringa på Sørstrand var både spanande og stort for dei yngste. Alle foto: Anne Marit Seljeseth

Flott og våt jonsokfeiring



GODT MØTE: Benkene vart fort opptekne og folk spreidde seg utover området på steinmuren og svaberga.

FLORØ: Jonsokfeiringa på Sørstrand opna med lette skyar, varme og eit par solglimt, men i det bålet vart tent opna slusene seg, men det såg ikkje ut til sette ein dempar på stemninga.


ANNE MARIT SELJESETH
anne.marit.seljeseth@firdaposten.no

Rutinerte småbarnsforeldre hadde oljebroka på lur, medan vaksne dekkja seg til med paraply og presenningar for kosen fortsette. Det ustabile vêret sette likevel ein liten dempar på stemninga og gjorde nok at ikkje like mange tok turen til den offisielle opninga av strandområdet og jonsokfeiringa.

Hadde håpa på fleire

Kring 250 tok turen innom på arrangementet. Då bålet var tent toppa det seg med 300 framømte.

– Det er nok ikkje så godt framømte som vi hadde håpa, men vi må og tenkje på at sist hadde vi mindre plass å vere på så då verka det sikkert som det var fleire,



KRABBEJAKT: Barn og unge hadde det kjekt med både natursti og krabbejakt i vasskanten.

seier styreleiar i Sørstrand Folkepark Jan Henrik Nygård.

Folk benka seg på treborda, på den nye steinmuren og i medbrakte turstolar rundt omkring på den nyopna stranda. Grillane var tent og folk kosa seg med mat og drikke. Regnet som først kom med lette dropar auka etter kvart nok til å bli ein våt affære, men det såg ikkje ut til å bry dei minste. Ungane sprang rundt på området, og nokre av dei hadde funne tak i volleyballane frå turneringa Friskis og Svettis vann, medan andre fanga krabbar med klesklyper i vasskanten. Enkelte kasta kledda og var tøffe nok til å ta seg eit bad, medan andre tok like godt med seg kledda på i det friske vatnet. Heilt frå klokka var det aktivitet i strandområdet og då klokka nærma seg fem tok styreleiaren i Sørstrand Folkepark plass på den provisoriske scena, bak på lasteplanet til ein bil. Det er tid for tale og markeringa av den offisielle opninga av stranda.

Miljøskapande tumleplass

Nygård nytta hovet til å takke dei mange bidragsytarane for å fått skikk på stranda, anten gjennom sponsorinnsamling, pengemiddlar eller dugnad, spesielt han som



ROTA: Bålet på Rota vart tent klokka ti. Regnet hadde gitt seg og kring 150 båtar fann vegen til Florevika.

folk flest koplal til dugnad og Sørstrand, Magne Hovland.

– Utan Magne hadde nok dette området vore ein samleplass for plastkanner, oljefat og dårleg tauverk og eigentleg ein miljøbombe i staden for slik det no framstår, som ein miljøskapande tumleplass for store og små, sa Nygård til stor applaus. Nøyaktig klokka seks vart det fem meter høge bålet tent og ein kunne konstaterare at det trass i regndropar vart ein vellykka jonsokfeiring på bystranda.



Sjå bildeserie på
firdaposten.no